



Mona Vevik kjem frå Husnes, er helse- og livsstilsterapeut på Stord.

Uskedal helselag vil ha ny kreftkafé i Gamleskolen i Uskedalen, tysdag 4. februar kl. 18.00. Som vanleg vert det tid til både prat og kaffi med noko attåt. Det er fjerde gongen Uskedal Helselag skipar til kreftkafe med inviterte innleiarar. Det var Eva Haugland som tok opptakten til at helselaget la kreftsaka inn i sin møteplan. Før det var det samlingar på Stord og i Odda.

Til denne kaféen kjem Mona Vevik og Tove Riise Grastveit frå Stord Livsstil og Helse. Mona (Husnesjente) er helse og livsstilsterapeut. Ho har dei siste 2,5 åra jobba med forebyggjande helse, særleg retta mot livsstilsjukdommar.

Tove er diabetessjukepleiar og biopat og har lang erfaring som koshaldsrettleiar. Tidlegare arbeidde ho ved Stord sjukehus. No jobbar ho, i tillegg til klinikken sin på Stord, deltid ved Bergen Helhetscenter og på Legevakta på Stord. Ho underviser også kvar onsdag ved Stord VGS.

Dei vil snakka om inflammatorisk kosthald og fettsyrebalansen, begge viktig for god helse og reversering av sjukdommar.

Her bør det difor vera noko av interesse for oss alle.

Uskedal helselag ynskjer alle Vel møtt.

Tekst: Pressemelding

Foto: Privat

Nett: Kristian Bringedal



Tove Riise Grastveit er diabetessjkepleiar og biopat.